



Fedje kommune

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 16.06.2022
Møtestad:
Møtetid: 17:15 - 20:21

Daglig leiar Bjørn Berg og økonomisjef Ove-Christian Fredriksen i NGIR orienterte kommunestyret om NGIR. Revisjonssjef frå Vestlandsrevisjon IKS Janne Erakeer var til stades i i møtet under behandlinga av K- sak 027/22 årsmelding og rekneskap 2021.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Gunnar Gullaksen	H
Silje Sulen Gullaksen	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

Møtedeltakarar vara	Parti
Ingard Kåre Kahrs	H
Morten Egil Øien	H
Rune Midtun Borgerød	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Paul Magnar Knapskog	H
Paul Erling Rognsvåg	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Kristin Handeland, Olav Mongstad

Sakliste

Saknr	Tittel
024/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
025/22	Godkjenning av møtebok
026/22	Referatsaker
027/22	Årsmelding og reknskap 2021
028/22	Tertialrapport, januar - april 2022
029/22	Overordna samarbeidsavtale Helse Bergen
030/22	Deponering av utgåtte fagsystem
031/22	Deponering og ordning av sensitivt arkiv
033/22	Søknad om skjenkeløyve Landsbykafeen AS org.nr. 922431248
032/22	Møteplan formannskap og kommunestyre, haust 2022
034/22	Interpellasjon
035/22	Eventuelt

024/22: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 024/22 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

025/22: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 025/22 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

026/22: Referatsaker

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

Kommunedirektøren vil orientera kommunestyret om personal situasjonen i administrasjonen og ber om at møtet vert lukka etter paragraf § U. 13.1.

Møte vart lukka under orienteringa.

K - sak 026/22 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

027/22: Årsmelding og reknskap 2021

Formannskapet 08.06.2022

, foreslått av ,

Kamilla BK Karlsen (Ap) fremja forslag om at formannskapet sluttar seg til kontrollutvalets uttale om årsmelding og rekneskap 2021.

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte om årsmelding og rekneskap for 2021. I innstillinga står det 2020, dette er en skrivefeil, det er årsmelding og rekneskap for 2021 som er til behandling.

F - sak 055/22 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2021 slik det ligg føre.

Rekneskapsmessig underskot vert dekket ved overføring frå fond.

Formannskapet sluttar seg til særutskrift frå kontrollutvalet i saka om årsmelding og rekneskap 2021. Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 16.06.2022

Tilleggsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Merknad til s.22 i årsmeldinga:

Arbeidsgruppe for turløype: Leiar Silje S. Gullaksen

Arbeidsgruppe lokalisering ungdomsklubb: Leiar Thea Blomvågnes fram til 28.10.2021 og Hans Erik Waage frå og med då.

Tillegg, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre

Kommunestyret ønsker å ligge inn ei bestilling til kommunedirektøren på at når me kjem til februar møtet neste år så ønsker me å få ei tilbakemelding på om me er i rute med innlevering av årets regnskap.

Behandling:

K - sak 027/22 Vedtak:

Merknad til s.22 i årsmeldinga:

Arbeidsgruppe for turløype: Leiar Silje S. Gullaksen

Arbeidsgruppe lokalisering ungdomsklubb: Leiar Thea Blomvågnes fram til 28.10.2021 og Hans Erik Waage frå og med då.

Kommunestyret ønsker å ligge inn ei bestilling til kommunedirektøren på at når me kjem til februarmøtet neste år så ønsker me å få ei tilbakemelding på om me er i rute med innlevering av årets regnskap.

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2021 slik det ligg føre.

Rekneskapsmessig underskot vert dekkja ved overføring frå fond.

Kommunestyret sluttar seg til særutskrift frå kontrollutvalet i saka om årsmelding og rekneskap 2021.

Samrøystes vedteke.

028/22: Tertialrapport, januar - april 2022

Formannskapet 08.06.2022

Behandling:

F - sak 056/22 Vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport for januar – april 2022 til vitande.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 028/22 Vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport for januar – april 2022 til vitande.
Samrøystes vedteke.

029/22: Overordna samarbeidsavtale Helse Bergen

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 029/22 Vedtak:

Fedje kommune vedtar og skriv under den reviderte Tenesteavtale 10 – Samarbeid om førebygging. Samrøystes vedteke.

030/22: Deponering av utgåtte fagsystem

Formannskapet 08.06.2022

Behandling:

F - sak 057/22 Vedtak:

Fedje kommune set av 121 608,-kr på budsjettet for 2023 til å betale for uttrekk av systema og deponering av systema i Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter. Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 030/22 Vedtak:

Fedje kommune set av 121 608,-kr på budsjettet for 2023 til å betale for uttrekk av systema og deponering av systema i Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter. Samrøystes vedteke.

031/22: Deponering og ordning av sensitivt arkiv

Formannskapet 08.06.2022

Behandling:

F - sak 058/22 Vedtak:

Arkivet etter barnevernstenesta, sosialtenesta, legetenesta og eldre uordna personalarkiv vert sendt til interkommunalt arkiv i Hordaland for ordning. Etter ordning vert arkivet deponert hjå interkommunalt arkiv.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 031/22 Vedtak:

Arkivet etter barnevernstenesta, sosialtenesta, legetenesta og eldre uordna personalarkiv vert sendt til interkommunalt arkiv i Hordaland for ordning. Etter ordning vert arkivet deponert hjå interkommunalt arkiv.
Samrøystes vedteke.

033/22: Søknad om skjenkeløyve Landsbykafeen AS org.nr. 922431248

Kommunestyret 16.06.2022

Endring i kommunedirektørens forslag, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet
Skjenketid 12.00-24.00 kvardag. Fredag og lørdag 12.00-02.00

Behandling:

K - sak 033/22 Vedtak:

Kommunen nyttar seg at skjønnsutøvinga som er regulert i Alkoholova § 1-7a.
Landsbykafeen AS får skjenkeløyve for alkohol gruppe I og II på uteområdet i Kremmarholmen 43, skjenkesområdet vert området som er teikna inn på kartet som har fått namnet «innstilling frå kommunedirektøren». Skjenkeområdet skal vera tydeleg merka og ha fysiske sperringar.
Landsbykafeen AS får skjenkeløyve for perioden frå 17.06.22 til og med 30.09.22. Skjenketid er frå klokka 1200 til klokka 2400 kvar dag i perioden. Kommunestyret er kjent med at det er ein foodtruck som vert nytta som salsplass. Foodtrucken må stå i sjølve skjenkeområdet om ein skal kunna nytta den som salsplass. meny eller à la carte-meny. Serveringsstaden må føre eit rimeleg godt utval av alkoholfrie drikkevarer. Skjenkestaden skal ha fast meny eller à la carte-meny. Styrar for skjenkeløyve er Roald Mjelstad, avløyssar for skjenkeløyve er Andreas Hagen.

Vedteke 12 mot 3 røyster. Rune Borgerød (Ap), Kamilla BK Karlsen (Ap) og Silje Sulen Gullaksen (H)

røysta mot.

Tilleggsforslag: Skjenketid 12.00-24.00 kvardag. Fredag og lørdag 12.00-02.00

Tilleggsforslaget vart vedteke 9 mot 6 røyster. Silje Sulen Gullaksen (H), Kamilla BK Karlsen (Ap), Hans Erik Waage (Ap), Anna- Marit Storemark (Ap), Thea Koppen Blomvågnes (Ap), og Rune Borgerød (AP) røysta i mot.

032/22: Møteplan formannskap og kommunestyre, haust 2022

Formannskapet 08.06.2022

Behandling:

F - sak 061/22 Vedtak:

Formannskap: 13 september, 18 oktober 22 og 24 november.

Kommunestyret: 22 september, 27 oktober og 15 desember.

Møtestart vert i utgangspunktet kl. 17.15. Budsjettmøta til formannskapet byrjar kl.09.00 og i kommunestyret 16.00.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

K - sak 032/22 Vedtak:

Formannskap: 13 september, 18 oktober 22 og 24 november.

Kommunestyret: 22 september, 27 oktober og 15 desember.

Møtestart vert i utgangspunktet kl. 17.15. Budsjettmøta til formannskapet byrjar kl.09.00 og i kommunestyret 16.00.

Samrøystes vedteke.

034/22: Interpellasjon

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

Alle i kommunestyret fekk ta ordet ein gong, forslagstillar fekk ordet to gonger. Kommunestyret ber administrasjonen kome med ein sak til neste kommunestyre der dei legg frem kostnadane i høve å etablere ein kommunal ungdomsklubb og eventuelt leggje inn ein ressurs.

K - sak 034/22 Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

035/22: Eventuelt

Kommunestyret 16.06.2022

Behandling:

Spørsmål til sak 016/22 i formannskapet 08.06.22 under delegert «Løyve til å leggje ut flytebrygge på gnr 168, bnr 47:

1. Kvifor er ikkje klage frå Fiskarlaget lagt ved sakspapira?

Svar: Kommunen har motteke klage frå Fiskarlaget den 01.06.22. Klagen er tidlegare oversend til Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS utan at kommunen fekk informasjon om dette.

Klagen kom til kommunen 26 dagar etter at vedtaket vart gjort. Klagefristen er tre veker. Kommunen bør likevel vurdere å handsame klagen etter Forvaltningslova.

Søknaden vart sendt inn 05.05.22 og innvilga same dag. Er søknaden då grundig nok vurdert?

Svar: Søknaden er vurdert etter vanlege rutinar og prosessar. Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS får oversendt søknad etter at den er handsama i kommunen. Søknaden til Bergen Havn vil ikkje bli handsama viss den ikkje er handsama først i kommunen. Søknad er vurdert etter plan- og bygningslova og etter kommuneplan.

1. Ein kan ikkje sjå at søknaden er sendt på høyring til relevante partar som Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet region Vest. **Skulle dette ha vert gjort?**

Svar: Søknader som fyller alle vilkår som nemnd i punkt 2 sendast ikkje til høyring viss andre partar ikkje kjem inn eller er berørte. Me kan ikkje sjå at andre parter er berørte i dette tilfelle sjølv om klagar påstår dette (udokumentert). Kaien ved 169/47 er privat og ingen andre enn heimelshavar til 169/47 har rettar her.

1. I 2016 blei det søkt om dispensasjon frå kommuneplanen til gjennomføring av tiltaket. Kommunen gav dispensasjon til tiltaket 23.06.2016. Løyvet var gjeldande i 5 år. **Er det gitt ny dispensasjon til dette? Kven er det som gir dispensasjon?**

Svar: Vi har vurdert det slik at det ikkje er naudsynt med dispensasjon då det er samanheng/samsvar mellom tiltak og reguleringsplan som gjeld på land. Området er regulert til industri. I 2. etasje er det ein industriverksemd. Dei er dei (Feddie) som treng brygga i samband omvisningar på sitt anlegg.

1. Tiltaket var i strid med arealføremålet *farlei* i kommuneplanen sin arealdel. **Har det vore endringar i kommuneplanen sidan 2015?**

Svar: Kommuneplanen er ikkje endra og det er kommunestyret som vedtar kommuneplan. Det er muleg å gjennomføra utbygging i område regulert til farlei. I praksis er rettsverknadene av kommuneplanen ulikt på land og sjøareal. Rettsverknadene av kommuneplanen i sjø, er svakare enn på land.

Eit døme på tiltak i farlei som har fått løyve, er ein molo som Arne Wiken søkte om (ikkje bygd) :

I 2016 gav kommunen avslag på bygging av molo (168/450) i område sett av til farlei. Vedtaket vart oppheva av fylkesmannen. Det var ikkje heimel for å gje avslag. Han skreiv :

Om eit tiltak er i samsvar med KPA vil avhenge av ei tolking av planen. Tiltak i sjø som er forankra i land skal som hovudregel berre vurderast opp mot planen sitt arealføremål på land. Opnar arealføremålet på land opp for tiltaket, må kommunen normalt gi løyve uavhengig av arealføremålet i sjø. Er tiltaket derimot i strid med arealføremålet på land, krev det også dispensasjon frå arealføremålet i sjø dersom tiltaket også er i strid med sjøføremålet. Dette følgjer av og er utdjupa nærmare i tolkingsuttaler frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet

Konklusjon: Alle sakspapira vert oversend om vanleg. I denne saka har Bergen Hamn oversend saka vidare til Vestland fylkeskommune for uttale. Frist for uttale er innan 4 veker frå 24.05.22 Bergen Hamn vil deretter handsama søknad. Kommune over sender saka til ansvarleg søkar for kommentarar som er vanleg i alle slike sakar.

Viss Bergen Hamn gjer avslag i saka vil kommunen vil tiltaket mangla løyve etter hamne- og farvannslova og kan ikkje gjennomførast.

Saka frå kommunen si side er ikkje ferdig eller avslutta før me har motteke alt som nemnd ovanfor. Det er derfor viktig å ikkje foreta seg noko enda. All informasjon blir oversend politikarene og i tillegg finnes dette på postlista.

For å få ein full forståing og heilheit i saker generelt, er det ein stor fordel for oss politikara at alle papir og vedlegg til den einskilde sak vert lagt fram saman med sakspapira.

Bjørn Solbakk

v/Fedje Frp

Bjørn Solbakk (Frp) stilte spørsmål med utviding av gravplassen. Paul Gullaksen (H) stilte og spørsmål om utviding av gravplassen. Ordføraren svarte, reguleringsplanen vart vedteke tildleg på 2000 talet. Formannskapet er planutval det er dei som fattar vedtak i plansaker. Kommunestyret vedtek de økonomise rammene i saka.

Bjørn Solbakk (Frp) ville at saka skulle på sakskartet. Det vart røysta over om saka skulle på sakslita. Saka vart vedteke å ikkje sett inn på sakslita. Med 10 mot 5 røyster. Paul Gullaksen (H), Morten Øien (H), Bjørn Solbakk (Frp), Marit Solbakk Øien (Frp), Frode Hjønnevåg (Frp) røystar for at saka skulle på sakskartet.

K - sak 035/22 Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.
